

Alversund 27.11.2017

Merknader til søknad om tilbygg til garasje formål


Vi viser til mottatt nabovarsel frå Cecilie Krüger og Thomas W. Johannesen om oppføring av garasje til ein bustad i Lindås kommune Gnr.137/Bnr.578, adresse Brørakastet 60, 5911 ALVERSUND.

Vi mottok nabovarsel til byggesøknad ID 131487136 dato 19.11.2017 og har svarfrist på merknader til dato 03.12.2017.

Som eigar av Gnr.137/Bnr.566, adresse Ikenberget 27, 5911 ALVERSUND har Norunn Hilde Løland og Svein Harald Bjørlo følgjande merknader:

Vår eigedom er plassert slik av vi har utsikt mot tiltakshaver sin fasade mot nord. Ved at det blir oppført garasje/carport på austsida av bustaden, vil det medføre tapt utsikt for oss. Vi har i utgangspunktet ingen innvendingar mot at det vert bygt garasje, men vi krev at høgda vert redusert til eit lågare nivå. På vedlagte teikning av ny fasade mot nord viser den ei kotehøgde på 41,2 meter. Dersom garasjedelen vert så høg vil vi tape utsikt og miste vår begrensa utsikt mot fjorden. Vi meiner det vil forringe vår eigedom om vi får redusert den vesle utsikta vi har mot fjorden ved å få eit garasjetak som sperrer for utsikta.

Vårt krav er at høgda på garasjebygget vert redusert ned til ei kotehøgde på 40,0 meter slik som illustrert på vedlagte planteikning.



Med venleg helsing

Norunn Hilde Løland Svein Harald Bjørlo
Norunn Hilde Løland og Svein Harald Bjørlo

Ikenberget 27, 27.11.2017